



Utval:	<b>Formannskapet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	02.03.2015
Tid:	12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP
Bjørn Wang	MEDL	V

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Ann Kristin Høgseth	Personalrådgjevar
Stian Løken	Einingsleiar

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Oddny Lisbeth Midtbø Rød

Bjørn Wang

Audun Hånes

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/7	Referatsaker	
PS 15/8	Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar. Delegering av mynde.	2015/89
PS 15/9	Søknad om fritak frå politisk verv som meddommar i Romsdal Tingrett - Johan Oppen	2014/558
PS 15/10	Klagebehandling av namnesak 2014/2 i Midsund kommune - Gnr. 56, Bnr. 3, Røberg	2014/34
PS 15/11	Felles landbrukskontor for kommunane Aukra,Eide,Fræna,Midsund og Molde. Høyring.	2013/369
PS 15/12	Auka stillingsressurs PPT	2015/76
PS 15/13	Bygge- og investeringsnemnd	2015/62
<b>Lukka Møte</b>	<b>Kommunelova § 31 nr. 3</b>	2015/85
PS 15/14	B-sak vedr tenestepensjon	

Den 2. mars 2015 vart det halde møte i Formannskapet i møterommet på Midsund omsorgssenter.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Møtet tok til kl 12.00.

Robin Mikal Sørli (H) hadde meldt forfall. Audun Hånes (H) møtte som vara.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

### **Rådmannen orienterte om:**

Ø-hjelpstilbud – åleine eller i samarbeid med andre kommunar – Ang. samhandlingsreforma. Ø-hjelp mellom sjukehus og sjukeheim.

Sjukefråveret.

Brev frå Lasse A. Strømme ang. tilstanden og ev tiltak på kommunehuset – universell utforming, inneklime, parkering osv.

Kommunestruktur.

**Ordføraren orienterte ang. planer om bygg på Antonbua-tomta**

**Økonomisjefen orienterte om økonomisk styring 2015.**

Teknisk sjef og einingsleiar Stian Løken orienterte og viste fram plana over løysing på dei trafikale problema ved Midsund skule.

Teknisk sjef orienterte ang. Attraktive Midsund.

### **PS 15/7 Referatsaker**

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Protokoll frå møte i Formannskapet 02.02.2015 vart godkjent.

### **PS 15/8 Oppnemning av valstyre og val av leiar og nestleiar. Delegering av mynde.**

#### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre oppnemner Midsund formannskap som valstyre til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015.

Som leiar og nestleiar i valstyret blir valt:

Leiar: ordførar Einar Øien

Nestleiar: varaordførar Robin Mikal Sørлие

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemar til røystestyra, jf vallova § 4-2.

#### **Behandling i Formannskapet - 02.03.2015**

Det var forslag om Odd Helge Gangstad i staden for Robin Mikal Sørлие p.g.a at han er mykje borte i samband med jobb.

#### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Midsund kommunestyre oppnemner Midsund formannskap som valstyre til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015.

Som leiar og nestleiar i valstyret blir valt:

Leiar: ordførar Einar Øien

Nestleiar: Odd Helge Gangstad (SP)

Midsund kommunestyre delegerer til valstyret å oppnemne medlemar til røystestyra, jf vallova § 4-2.

### **PS 15/9 Søknad om fritak frå politisk verv som meddommar i Romsdal Tingrett - Johan Oppen**

#### **Forslag til vedtak:**

Johan Oppen (V) får fritak frå politisk verv som meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden, jf kommunelova § 15, nr. 1, jf. § 14, nr. 1a)

Som meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden (t.o.m. 31.12.2016) vert valt ...

## **Behandling i Formannskapet - 02.03.2015**

Forslag: Rolf Heggdal (V)

## **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Johan Oppen (V) får fritak frå politisk verv som meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden, jf kommunelova § 15, nr. 1, jf. § 14, nr. 1a)

Som meddommar i Romsdal Tingrett ut valperioden (t.o.m. 31.12.2016) vert valt Rolf Heggdal (V).

## **PS 15/10 Klagebehandling av namnesak 2014/2 i Midsund kommune - Gnr. 56, Bnr. 3, Røberg**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre vil be om at Kartverket gjer om vedtaket og at Røberg vert nytta som bruksnamn/stadnamn for gnr. 56 og bnr. 2. Namnet blir då Røberg og ikkje Rødberg som Kartverket har vedteke i sak 2014/2.

Grunngjeving:

Røberg er så sterkt forankra i dialekta at skrivemåten her vil bli Røberg.

## **Behandling i Formannskapet - 02.03.2015**

Administrasjonen vart bedt om å skrive eit brev til KS ang. bestemmelse av navn lokalt.

## **Vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Midsund kommunestyre vil be om at Kartverket gjer om vedtaket og at Røberg vert nytta som bruksnamn/stadnamn for gnr. 56 og bnr. 2. Namnet blir då Røberg og ikkje Rødberg som Kartverket har vedteke i sak 2014/2.

Grunngjeving:

Røberg er så sterkt forankra i dialekta at skrivemåten her vil bli Røberg.

## **PS 15/11 Felles landbrukskontor for kommunane Aukra,Eide,Fræna,Midsund og Molde. Høyring.**

### **Forslag til vedtak:**

Midsund formannskap er samnd i konklusjonane til ei felles arbeidsgruppe frå kommunane Aukra,Eide,Fræna,Midsund og Molde om at det er mogleg å etablere ei felles landbruksforvaltning for området og at dette vil kunne oppretthalde kompetane og stabilitet.

Ein vil be om at Fræna kommune utarbeider eit framlegg til ein samarbeidsavtale og eit budsjett for ei interkommunal landbruksforvaltning som kommunane kan ta stilling til etter at det er gjennomført ei drøfting med den enkelte kommune.

Avtalen bør gi rom for at den enkelte kommune kan ha eigne målsetjingar for landbruket og ulik grad av delegering.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Midsund formannskap er samnd i konklusjonane til ei felles arbeidsgruppe frå kommunane Aukra, Eide, Fræna, Midsund og Molde om at det er mogleg å etablere ei felles landbruksforvaltning for området og at dette vil kunne oppretthalde kompetane og stabilitet.

Ein vil be om at Fræna kommune utarbeider eit framlegg til ein samarbeidsavtale og eit budsjett for ei interkommunal landbruksforvaltning som kommunane kan ta stilling til etter at det er gjennomført ei drøfting med den enkelte kommune.

Avtalen bør gi rom for at den enkelte kommune kan ha eigne målsetjingar for landbruket og ulik grad av delegering.

### **PS 15/12 Auka stillingsressurs PPT**

#### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune sine utgifter til PP-tenesta blir frå 01.06.2015 auka frå 0.75 stilling til 100% stilling.
2. Auken på kroner 156.000 vert finansiert med reduksjon i avsetjing til disposisjonsfond.
3. Heilårsverknaden av tiltaket vert innarbeid i økonomiplanen.
4. Ein legg til grunn at dei andre deltakande kommunane aukar sine bidrag tilsvarande.

### **Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 02.03.2015**

### **Vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 02.03.2015**

#### **Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune sine utgifter til PP-tenesta blir frå 01.06.2015 auka frå 0.75 stilling til 100% stilling.
2. Auken på kroner 156.000 vert finansiert med reduksjon i avsetjing til disposisjonsfond.
3. Heilårsverknaden av tiltaket vert innarbeid i økonomiplanen.
4. Ein legg til grunn at dei andre deltakande kommunane aukar sine bidrag tilsvarande.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

1. Midsund kommune sine utgifter til PP-tenesta blir frå 01.06.2015 auka frå 0.75 stilling til 100% stilling.
2. Auken på kroner 156.000 vert finansiert med reduksjon i avsetjing til disposisjonsfond.
3. Heilårsverknaden av tiltaket vert innarbeid i økonomiplanen.
4. Ein legg til grunn at dei andre deltakande kommunane aukar sine bidrag tilsvarande.

## **PS 15/13 Bygge- og investeringsnemnd**

### **Forslag til vedtak**

Oppgåva/funksjonen som byggenemnd skal ligge i formannskapet.

### **Behandling i Formannskapet - 02.03.2015**

Det vart lagt fram alternativt forslag til vedtak: *Funksjonen som bygge- og investeringsnemnd skal fortsatt ligge i formannskapet der man ber administrasjonen sørge for at alle vedtatte investeringer i 2014 og 2015 blir gjennomført i år. Dette med bakgrunn i økte bevilgninger til å kunne kjøpe tjenester fra private.*

Alternativt forslag vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

### **Vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Funksjonen som bygge- og investeringsnemnd skal fortsatt ligge i formannskapet der man ber administrasjonen sørge for at alle vedtatte investeringer i 2014 og 2015 blir gjennomført i år. Dette med bakgrunn i økte bevilgninger til å kunne kjøpe tjenester fra private.

## **PS 15/14 B-sak vedr. tenestepensjon**

### **Vedtak i Formannskapet - 02.03.2015**

Kommunen sin konklusjon vart godkjent.

**Møtet vart heva kl 18.00.**